



Magne Hope AS Entreprenørforretning  
Litlåsvegen 197  
5954 MONGSTAD

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1627 - 17/17973

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

14.09.2017

## Godkjenning - GBNR 1/57 - Løyve til opparbeiding av veg og plassering av flytekai - Flatøy

**Administrativt vedtak. Saknr: 249/2017**

**Tiltakshavar:**

Framo AS

**Ansvarleg søkjar:**

Magne Hope AS

**Søknadstype:**

Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve i eitt trinn til opparbeiding av veg og plassering av flytekai på gbnr. 1/57. Tiltaka skal nyttast av Nordhordland Padleklubb og legg til rette for padling for personar med fysisk funksjonshemming.

Omsøkt veg har ei breidde på 3 meter og lengde på om lag 36 meter. Flytebrygga er omsøkt med eit areal på 58 m<sup>2</sup>. Delar av vegen er omsøkt plassert på naboeigedomen gbnr. 1/6, men ettersom grunneigar stiller seg positiv til tiltaket og ikkje her merknadar i samband med omsøkt plassering på vegen, finn ikkje administrasjonen grunnlag for å avvise søknaden, jf. pbl 21-6.

Vi viser til søknad med vedlegg, journalført motteke 23.6.2017, samt løyve frå Bergen og omland havnevesen, journalført 13.9.2017.

### VURDERING:

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Eigar av gbnr. 1/6, Dag Albert Sudmann, sendte inn merknadar til tiltaket i e-post den 15.6.2017. Han er positiv til at det vert sett ut ny flytebryggje, men viser til at ålmenta også må kunne nytte strandsona som tidlegare. Han ynskjer at veggen skal vere lite trafikkert og berre nyttast til transport av padlarar som treng transport til brygga, og viser til at vegretten over hans eigedom fell bort når padleklubben ein gong flyttar frå området. Vidare viser han til at det må takast omsyn til fortøyingar på eksisterande brygge og eksisterande avlaupsleidning, og ber om å få sjå eit kart som viser fortøyingar av ny brygge før den blir satt ut. Han ynskjer også at ein vurderer å trekkje ny flytebryggje lenger sør for ikkje å hindre tilflott til eksisterande brygge, og føreset at det ikkje skal fortøyast båtar på austsida av flytebryggja, mot eksisterande bryggje, då dette vil hindre tilflott til eksisterande bryggje.

Tiltakshavar har svart på merknadane i e-post til kommunen den 26.7.2017. At Framo AS legg til rette for utlegging av flytebryggja endrar ikkje situasjonen for Dag Albert Sudmann. Dei viser til at det skal takast omsyn til eksisterande fortøyingar og avlaupsleidning, og at ansvarleg utførande har kjennskap til dette. Viss forankringa kjem i konflikt med eksisterande fortøyingar vil tiltakshavar sørge for at det vert lagt ut nye forankringar slik at alle bryggjene ligg trygt. Det vil bli vurdert om det skal brukast dykkarar under arbeidet. Vidare meiner tiltakshavar at det ikkje er planar om å leggje til med båtar på austsida av flytebryggja, og at tiltaket ikkje vil hindre tilflott.

### Lov- og plangrunnlag:

Oppføring av «konstruksjon» er eit «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav a). Dette omfattar blant anna flytekai som omsøkt. Det same gjeld for anlegging av «veg», jf. bokstav l). Tiltaka er søknadspliktige, jf. pbl § 20-2, med krav om ansvarleg føretak, jf. § 20-3.

Delar av tiltaket er omsøkt plassert på eit areal som er satt av til industri i reguleringsplan for Flatøy vest, planid: 125619890001. Resten av tiltaket er omsøkt plassert på eit areal som er satt av til grønstruktur og næringsverksemd i arealdelen til kommuneplanen (KPA), der KPA går føre vedtekne reguleringsplan, jf. føresegn 1.1 til KPA. Planføresegn 1.2.1 til KPA krev at området vert regulert før ein tillèt oppføring av nye tiltak.

På bakgrunn av omsøkt plassering, utanfor arealet som i dag vert brukt til industriformål, finn ikkje administrasjonen grunnlag for å krevje dispensasjon frå arealformålet i dette tilfellet. Viss tiltaket vil vere til hinder for ein planprosess i samsvar med arealformålet, samt gjennomføring av ein reguleringsplan, føreset vi at tiltaket vil bli fjerna. Vidare finn vi grunnlag for å frita frå plankravet i føresegn 1.2.1 til KPA, jf. føresegn 2.1.1a til KPA.

### Plassering:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne eit byggverk si plassering, og at byggverk skal ha 4 meters avstand til nabogrenser, jf. andre ledd. For varige konstruksjoner gjeld føresegna så langt den passar, jf. pbl § 30-4 første ledd.

På bakgrunn av omsøkt plassering kan administrasjonen ikkje sjå at avstandskravet i pbl § 29-4 andre ledd gjer seg gjeldande i dette tilfellet, då omsynet til branntryggleik, lys og luft ikkje får betydning. Vi føreset at det ved plassering av tiltaket vert teke omsyn til fortøyingane til eksisterande bryggje på naboeigedomen og avlaupsleidningar i området. Vidare føreset vi at bruken av flytebryggja ikkje vil hindre tilflott til naboeigedomen samt utnytting av strandsona for ålmenta. På bakgrunn av dette finn vi ikkje grunnlag for å vurdere nabomerknad frå Dag Albert Sudmann nærare, men legg til grunn at det omsøkte tiltaket ikkje vil

vere til hinder for eksisterande bruk på hans eigedom. Administrasjonen kan etter dette godkjenne omsøkt plassering av veg og flytekai.

#### Tilkomst:

Det omsøkte tiltaket medfører inga endring av eksisterande tilkomst. Vi føreset at bruken av vegen ikkje er i strid med eksisterande rett til bruk av den private vegen.

#### Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 23.6.2017. Ansvarleg i byggesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1, og skal sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 løyve til plassering av veg og flytekai som omsøkt på gbnr. 1/57. Plasseringa skal vere som vist på vedlagte situasjonskart.*

*Det vert stilt følgjande vilkår for løyvet:*

- *Viss tiltaket er til hinder for ein planprosess i framtida, samt gjennomføring av ein reguleringsplan, må tiltaket fjernast.*
- *Bruken av tiltaket må ikkje hindre tilflott til naboeigedomen, samt utnytting av strandsona for ålmenta.*

*Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl § 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

kart  
Prinsippskisse forankring

**Kopi til:**

Dag Albert Sudmann  
Framo AS

Hjelten 45  
Postboks 23  
Florvåg

5918  
5329

FREKHAUG  
FLORVÅG

**Mottakere:**

Magne Hope AS  
Entreprenørforretning

Litlåsvegen 197 5954

MONGSTAD